



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Skal vi danse?
Shall we dance?

Aleksander Eide

Kristine Natvik Jevnaker

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Barnehagelærer

Rettleiar: Kjersti Johannessen

26.12.2017

Vi stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10

Forord

Denne oppgåva er vår avsluttande bacheloroppgåve i samband med vårt tredje år på barnehagelærerutdanninga, ved Høgskulen på Vestlandet avdeling Sogndal. Vi vil først takke informantane og barnehagane som har deltatt i undersøkinga vår. Vidare vil vi takke informanten som stilte opp for oss til pilotstudien, som gav oss vidare inspirasjon og motivasjon i svara til å arbeide vidare med oppgåva. Andre som vi også vil takke, er dei som har hjulpet oss med å korrekturlese og sett igjennom oppgåva vår og komme med attendemeldingar. Vi vil også takke bibliotekarane, som har hjulpet oss med litteratursøk og referering. Sist, men ikkje minst vil vi også takke rettleiaren vår Kjersti Johannessen, for all rettleiing som vi har fått på oppgåva og arbeidet med den. Ho har også vore ein viktig bidragsytar til å finne litteratur til oppgåva og ikkje minst gitt mykje motivasjon og tips til skrivinga.

Hadde det ikkje vore for alle dykk, hadde ikkje denne bacheloroppgåve vore mogeleg å gjennomføre. Så vi rettar ei stor takk til dykk.

Arbeidet med denne bacheloroppgåva, starta i slutten av andre klasse på barnehagelærerutdanninga. Vi stara med å diskutere kva vi skulle skrive om og tema for oppgåva. Vi fant fort ut at vi skulle skrive om dans, sidan begge har erfaringar med det. Å arbeide med bacheloroppgåva har vore spennande, lærerikt og til tider utfordrande. Det som har gjort den utfordrande, er at det ikkje er skrive så mykje om dans i barnehagesamanheng.

Innholdsliste

1.0 Innleiing	5
1.1 Problemstilling	5
1.2 Oppgåva si oppbygging	6
1.3 Omgrepsavklaring og avgrensingar	6
1.4 Tidlegare litteratur og forskning	6
2.0 Teoridel	7
2.1 Kva er dans?	7
2.2 Dans med barn	8
2.3 Dansen sine grunnelement	9
2.4 Improvisasjon og impuls	9
2.5 Planlegging og tilrettelegging	10
2.6 Kompetanse blant personale i barnehagane	11
3.0 Metode	12
3.1 Val av metode	12
3.2 Val av informantar	13
3.3 Pilotstudie	14
3.4 Gjennomføring av det kvalitative intervjuet	14
3.5 Validitet og relabilitet	14
3.6 Analyse og tolking av datainnsamling	15
3.7 Etske omsyn	15
4.0 Presentasjon av empiri	15
4.1 Omgrepet dans	15
4.2 Planlegging av dans	16
4.3 Utfordringar	17
4.4 Framtidsutsikter	17
5.0 Drøfting	17
5.1 Kva er dans i barnehagen?	18
5.2 Planlegging og utfordringar knytt til dans i barnehagen	19
5.3 Dansen si framtid i barnehagen	22
6.0 Resultat	23
7.0 Avslutning	24

Litteraturliste	26
Vedlegg	29
<i>Vedlegg 1: Infoskriv</i>	29
<i>Vedlegg 2: Samtykkeskjema</i>	30
<i>Vedlegg 3: Intervjuguide</i>	31
<i>Vedlegg 4: Transkribering av intervju</i>	34
<i>Vedlegg 5: Følgeskriv</i>	35

1.0 Innleiing

Dans i barnehagen blir nytta i ulike samanhengar, den kan vere planlagt og strukturert, men vi har erfart at dans kan vere meir spontan enn planlagt. Men kva er eigentleg dans i barnehagen? Dans kan vere alt frå å bevege kroppen til musikk eller til ulike songleikar. Det vi ønskjer å sette fokus på, er om dans får ein plass i barnehagen og korleis den blir praktisert.

I følgje rammeplanen for barnehagen: innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017) blir dans tatt opp under fagområdet "kunst, kultur og kreativitet". Dans blir berre nemnt som eit overordna omgrep og ikkje som eit eige mål. Kva barnehagane legg i dette omgrepet er opp til dei. Vidare kan ein dra parallellar til at dansen kan komme under fagområdet "kropp, rørsle, mat og helse". Innanfor dette fagområde skal barnehagen legge til rette for og inkludere aktivitetar der barna blir bevisste og kjent med kroppen sin. Denne aktiviteten skal sjåast saman med rørsleglede og opplevingar gjennom leik og læring med kroppen som utgangspunkt (Kunnskapsdepartementet, 2017). Professor Anne Greve (2017) skriv at profesjonen må tolke og implementere rammeplanen på ein måte som passar for den enkelte barnegruppe. Dansen kan vere ein innfallsvinkel til kroppsleg aktivitet og rørsleglede, men her er det opp til barnehagane og tolke kva som ligg i desse omgrepa.

Eivind Andersen, ved Høgskulen i Sørøst-Norge og Norges idrettshøgskole, har utarbeida artikkelen "Barn i bevegelse". Han seier i ein artikkel til NRK (Hirsti, 2017) at ein fjerdedel av barna i barnehagane han har samarbeida med, har eit lågt aktivitetsnivå og det er mykje stillesitting. "Dette er bekymringsfullt" seier Andersen. Resultata i artikkelen viser to funn. Hovudfunna Andersen har kome fram til, er at i snitt hadde barna 58 minutt moderat til hard fysisk aktivitet dagleg, og oppfyller anbefalingane til helsemyndighetene. Det andre funnet viser om barna i snitt er nok i aktivitet, der hadde ein fjerdedel av barna eit svært lågt aktivitetsnivå og var mykje stillesittande.

Med dette som baktanke, vil vi med denne oppgåva finne ut om dansen blir prioritert i barnehagen eller om den blir sett til side for andre aktivitetar. Vidare vil vi også sjå på om dansen er planlagt frå barnehagane si side eller om den er meir spontan og tilfeldig. Dette ynskjer vi å få svar på gjennom vår undersøking.

1.1 Problemstilling

Problemstillinga vår i denne oppgåva er: "Korleis arbeidar barnehagane med dans?". I denne problemstillinga vil vi finne ut om det blir lagt til rette for dans som aktivitet i barnehagane, eller om den blir "gløymd". Vi ønskjer å finne ut korleis dans blir tilrettelagt og planlagt, og om det er nokre

utfordringar rundt dette. I underproblemstillinga vår vil vi å finne ut om det er tilfeldig med dans i barnehagane. Ved dette spørsmålet kan vi finne ut om det er ein samanheng mellom å planlegge danseaktivitet eller om dans vert meir tilfeldig og spontan.

1.2 Oppgåva si oppbygging

Oppgåva vår er bygd opp med ei innleiing i del 1.0. Her presenterer vi problemstillinga for oppgåva og tidlegare litteratur og studie på området og valet for problemstillinga. Deretter følgjer ein teoridel 2.0, der vi presenterer vår teoretiske forankring. Denne delen har vi delt inn i tema; kva er dans, dans med barn, dansen sine grunnelement, improvisasjon og impuls, planlegging og tilrettelegging og kompetanse blant personale i barnehagen. Deretter følgjer ein metodedel i 3.0, der vi skriv om våre metodiske val og prosessen rundt intervjuet. I 4.0 presenterer vi våre empiriske funn, der dei er delt opp i fire kategoriar. Og i del 5.0 drøftar vi vår teori opp mot dei empiriske funna og avsluttar oppgåva med resultat i del 6.0. I metodelen viser vi til vedlegg som inneheld informasjonsskriv til informantane, samstykkeskjema og intervjuguide.

1.3 Omgrepsavklaring og avgrensingar

I problemstillinga trekkjer vi fram barnehagane i fleirtal. Vi brukar omgrepet dans, som er hovudtemaet for oppgåva. Dans er samansette rørsler som er ei naturleg uttrykksform for menneske (Frederiksen, 2004). Dans er eit stort omgrep, derfor har vi gjort oss nokre val og avgrensingar. Vala vi har gjort i forhold til temaet, er å rette fokus mot dans i barnehagane og korleis dette blir tilrettelagt.

Improvisasjon og impuls er to verktøy som kan koplast til temaet. Dei fire grunnelementa i dans er kroppen, rommet, dynamikk og relasjonar (Glad, 2002). I forhold til planlegging og tilrettelegging har vi valt å utdjupe betydinga og bruken av rommet. Vi har også valt å rette fokus mot personale i oppgåva.

1.4 Tidlegare litteratur og forskning

Temaet dans i barnehagen, er eit tema som ikkje har blitt synleggjort dei siste åra. Dette har ført til at vi har brukt mykje tid på å leite etter relevant litteratur på område. Av tidligare forskning har vi funne ein studie av "barn og unges dans" av Bringager & Clifford (1997). I denne forskinga var hensikta å få inn idear til arbeid og satsing på dans for barn og unge. Målet for forskinga var å stimulere interesse for dans blant barn og unge, gjennom tilrettelegging og oppfølging av dansen. Forskinga var i første omgang basert i skulen, men barnehagen fekk også innpass i delprosjekt i forskinga.

2.0 Teoridel

I denne delen av oppgåva vil vi presentere teori innanfor dans, dans med barn, planlegging og tilrettelegging og kompetanse.

2.1 Kva er dans?

Dans er en naturlig og oprindelig uttryksform for mennesket, og længe før det lille barn uttrykker sig på anden måde, uttrykker det sig gennem kroppen. Dans tilgodeser barnets behov for leg og bevægelse. Dans er en ordløs kommunikationsform, hvor bevægelsen er "sproget".

Dans og undervisning i dans er lige dele glæde, selvfølelse, samarbejde og fællesskab. Alt sammen vigtige ingredienser i børn og unges hverdag (Frederiksen, 2004, s.8).

Dans er ei uttrykkform som kjem fram av kroppen sine rørslemoglegheiter, i samspel med mentale og sosiale behov. Hollekim og Vingdal (2000) skriv at ein treng ikkje musikk for å bevege seg, men ein kan danse etter den indre rytmen som eit kvart individ har. Sett i forhold til kultur, har dans vore eit grunnleggande innslag i menneska sitt liv. Dette har vore ein forløpar til dansen i vår tid. Dans har forskjellige uttrykksformer, avhengig av korleis kultur den har oppstått i. Den har utvikla seg opp gjennom tida og fått ulike uttrykk og status (Hollekim & Vingdal, 2000).

Under omgrepet dans finn vi ulike dansetypar, og desse er vanleg å gruppere i dansefamiliar eller sjangerar. Det finns to hovudsjangerar, samværsdans og kunstdans. Samværsdansen kan ein dele inn i folkedans, selskapsdans og populærdans. Kunstdansen deler ein inn i klassisk ballett, moderne dans og jazzdans. Det er ikkje alle dansar som lar seg definere, fordi dans er ei levande kunst- og kulturform som forandrar seg gjennom tida (Glad, 2002). Vi har òg den kreative dansen som omhandlar å skape dans aleine eller saman med andre. Eit anna mål ved den kreative dansen, er å utforske sine egne rørslemoglegheiter ved bruk av dansen sine grunnelement og kommunisere desse gjennom rørsle (Nygård, 2013).

I kreativ dans er det noko som verken er rett eller gale. Det viktigaste med den kreative dansen, er å bruke sin indre ressurs for å lage eit klart uttrykk. I kreativ dans kjem budskapet før teknikken, men individet er den første kjelda til uttrykket. Individet blir sett på som ein komponist i staden for ein spelar, og ein skapar i staden for ein utøvar (Joyce, 1994). Det er i stor grad personen sine egne uttrykk som er hovudelementet. Målet med kreativ dans er å leie personar til å bruke kreativitet, samtidig skal ein oppleve og eksperimentere den kreative dansen. I forhold til barn, skriv Joyce (1994) at dei ikkje er avhengig av element og rommet rundt seg. Konsentrasjonen skal vere på å bevege seg. Gjennom dette

fokuset, får barna erfaring med dansen sine grunnelement i forhold til bruk av kroppen og fantasien. Den kreative dansen stimulerer også til barn si glede. Ut i frå definisjonen til Frederiksen kan ein knyte barn sin spontanitet opp mot leik til musikk og rytme (Frederiksen, 2004).

2.2 Dans med barn

Når barn er med i danseleik opplever dei ein moglegheit til å utforske sine egne og andre sine følelsar. Danseleik blir definert som "barnets spontane aktivitet og uttrykk gjennom kroppens bevegelser" (Glad, 2012, s.15). Med varierende rytmar kan barna uttrykke seg fritt og bli meir fleksible (Nygård, 2013). Gunvor Digerfeldt (1990) skriv at kroppen, sjela og følelsane blir til eitt gjennom danseleik. Dette gir barna ei oppleving av å vere fullverdig. Ein viktig faktor innanfor danseleik er å ivareta behovet for rørsle og leik. Gjennom rørsle og leik, kan barna utvikle rytme og kroppsbevisstheit (Nygård, 2013). Rytme handlar om oppattaking. Ein har ikkje berre rytme i forhold til å bevege seg til musikk, men også til generelle gjeremål i kvardagen. I forhold til kroppsbevisstheit handlar det om kunnskap og kjennskap til sin eigen kropp. Når barna blir trygge på rørsle sine i dansen, kan dette føre til at dei fokuserer på andre barn, relasjonar og det å danse saman (Nygård, 2013).

Utviklinga i dag går mot ein meir passiv kroppsleg livsførsel. Barna blir meir og meir fattige på følelsesidentitet og kroppskontakt. Vi nyttar oss meir av IKT, og i barnehagane legg ein større vekt på bruk av dette. Resultatet kan bli at barna ikkje opplever fysisk kroppsleg kontakt som naturleg, og dei veit ikkje kva som er akseptert sosialt i forhold til fysisk kontakt med kvarandre (Nygård, 2013). Ved å nytte seg av danseleik, kan ein befri seg frå det teknologiske og bli meir bevisste på kroppen sin (Digerfeldt 1990). Ein kan også nytte seg av herming, for å bli meir bevisste korleis kroppen verkar.

Nygård (2013) skriv om herming og det å gjere likt. Han trekkjer fram beskrivinga til Aristoteles, som meinte at imitasjon er eit vesentleg instinkt hos menneske. Forsking viser at imitasjon er ein aktiv prosess, som krev barna sin fulle merksemd og kontroll. For at barna skal kunne herme og følgje etter rørsle, må dei analysere og plukke ut eigenskapar ved rørsle. For barna dreiar det seg om å tilpasse det opp mot sin eigen kropp. Hollekim og Vingdal (2000) skriv at når barn dansar saman, kan dei sjå korleis andre bevegar seg til rytme. Det dei ser, kan dei ta til seg gjennom herming. Barn som er rytmisk usikre kan hente inspirasjon til rørsle gjennom herming, ved å sjå på andre som er rytmiske. Ved at herming fell så naturleg for måten barn lærer på, bør dei få moglegheit til å utforske kroppen sine ulike moglegheiter for rørsle. Barna bør kunne få observere kvarandre, for å få inspirasjon til ulike rørsler (Nygård, 2013).

2.3 Dansen sine grunnelement

I dans finns det nokre grunnelement som er viktig å kjenne til når ein skal tilrettelegge for dans. Dansepedagogen Rudolf Laban har studert og prøvd å avdekke desse elementa, sett ut i frå kvardagslivet, arbeid og dans. Desse grunnelementa er kroppen, rommet, dynamikk og relasjonar.

Kroppen er vårt instrument i dans. Når ein først beherskar kroppen, kan ein utforske rørsler og eksperimentere med dei. Ein kan dele inn kva ein gjer med kroppen i ulike delar; Rørsler/kroppens deler, seier noko om korleis ein bevegar kroppen. Figurar/former – der vi lagar forskjellige figurar og former med kroppen, og rørslemåtar som er ulike måtar å bevege seg i rommet på. Rommet er der ein bevegar seg og dansen vert utført. Storleiken på rommet bestemmer graden av utfoldelse. Ved at barna utviklar romforståing, er eit sentralt mål når ein skal danse. Barna må kunne "eige" rommet og bruka det som ein samspelepartner. Ein kan dele rommet inn i fleire bruksområder: stad, høgdenivå, retningar, rørslebaner, avstand og fokus. Desse er med på å legge rammer for korleis barna kan bevege seg i rommet når dei dansar. Dynamikk er korleis ein bevegar seg, og er graden av energien rørslene blir utført i. Energien er med på å fargeleggje rørslene, og gir dei personlege uttrykk. Ein kan dele dyamikken inn i fire faktorar: rom, tid, kraft og flyt. Relasjonar er kva og kven vi gjer rørslene i forhold til, for når ein dansar, dansar ein som oftast saman med andre. Ein kan danse med ein partner, med rekvisittar og under eit bord. Dansen følgjer også rytmen i musikken. Dette skapar relasjonar som den som dansar kan forholde seg til (Glad, 2002).

Utøvaren bevegar seg i forhold til grunnelementa, i dans, leik eller sosialt samvær, men elementa blir nytta ulikt (Glad, 2002). Ved hjelp av desse kan ein gi barna ei forståing for ulike omgrep, samtidig som det kan gi danseleiken eit tema. Nygård (2013) skriv at den vaksne si oppgåve blir å gjere barna bevisst på kva dei allereie kjenner til og at dei får moglegheit til å utforske rørsler som dei elles ikkje pleier å gjere. Grunnelementa er med på å skape eit felles språk som gjer det mogleg å aktivere barna.

2.4 Improvisasjon og impuls

Hilde Rustad (2010) skriv at improvisasjon kan av og til minne om barna sin leik. Leiken til barna kan vere eit verktøy som ein kan bruke som ein innfallsvinkel til improvisasjon. Rustad skriv at omgrepet improvisasjon stammar frå det latinske ordet "improvisus", som betyr noko som ein ikkje kan sjå på førehand. Ho skriv at omgrepet ofte blir knytt til å skape noko ut av ingenting, ved at ein grip augneblinken og prøver å skape noko nytt. Improvisasjon i dans har forholdt seg til improvisasjon som augneblinkens kunst, der det sentrale er openheit og å skape noko nytt. Liset, Myrstad og Sverdrup (2011) skriv at å improvisere er ikkje noko ein kan bestemme seg for. Ein må øve seg på å ha ein

improviserende innstilling eller tenkemåte. Er ein til stades under prosessen, kan ein møte på nye utfordringar og moglegheiter til å improvisere. Med improvisasjon, skriv Rustad (2010), at omgrepet har ein form for usikkerheit og risiko. Risikoen kan bli sett på som pirrande og tiltrekkande, men usikkerheita kan vere ein form for redsel.

Terje Melaas (2012) definerer improvisasjon som ein måte å vere forskjellig på. I sitt arbeid søker han ei utvida forståing av omgrepet, i samanheng med barnehagen. Han presenterer omgrepet improvisasjonsblikk, som omhandlar fantasi, leik og den vaksne si improviserende rolle. Melaas skriv at om ein skal nytte seg av improvisasjon, og det skal ha ein innverknad på barnehagane, må personalet tørre å vere annleis. Leikekompetanse, faglege og personlege ferdigheiter er sentrale faktorar, for improvisasjonen. I hovudtrekk dreiar improvisasjon seg om å vere til stades og fange opp spontane innspel og initiativ, der personalet i barnehagane er byggesteinane for vidare improvisasjon (Liset m.fl., 2011).

For å kunne improvisere, må ein få ein impuls. Wiseth (2015) skriv at impuls er ein kreativ stimuli som set i gang idear, følelsar og assosiasjonar. Bakke (2011) skriv at impuls kan vere avgjort av våre interesser og engasjement, men blir bygd opp over tid. Wiseth skriv at ein impuls kan vere eit tema, bilete, objekt og liknande. I forhold til barnehagane, kan impulsar kome frå barne-tv, bøker, songar, historier eller personlege erfaringar. Dette kan ein definere som ein gitt impuls. I likheit med den spontane impulsen kan dette vere kva som helst (Wiseth, 2015). Ein kan ikkje alltid styre dette, for impulsen kan dukke opp når ein minst ventar det (Bakke, 2011). Ved at personale legg ulike rammer for danseaktivitet, kan det gi barna impulsar til kreativ utfolding og leik. Barna kan då bli medskapande og medverkande (Sæther & Hagen, 2013). Dette ser ein igjen i den kreative dansen, som i hovudtrekk handlar om å skape dans aleine eller saman med andre (Nygård, 2013).

2.5 Planlegging og tilrettelegging

Må kvar og ein aktivitet planleggast? Dette spørsmålet stiller Kjell A. Standal (1994) seg. Han skriv at det bør vere nokre freda områder som barna kan ha for seg sjølv. Vidare skriv han at ein ikkje må øydelegge gleda av å gjere noko på sparket. Det må vere god plass for spontanitet og glede over leik med innslag av rørsler, song og musikk. I barnehagesamanheng kan ein sjå improvisasjon ut i frå dette. Barnehagane har nokre faste rammer ein ikkje kan sjå vekk i frå. Innanfor desse rammene kan improvisasjon praktiserast (Liset m.fl., 2011). Vidare skriv Standal (1994) at planane ein lagar for aktivitetar, skal vere rammer som fortel kva vi skal gjere, korleis og kvifor. Han poengterer at planarbeid er viktig når ein skal tilrettelegge for aktivitet. Nygård (2013) skriv at dansen fell utanfor i barnehagen, sidan det er enklare å

aktivisere barna gjennom bruk av song og instrument. Han skriv at det kan vere viktig å setje av tid til dans ei fast tid i veka som ei "dansestund". På den måten kan ein sikre dansen i barnehagen og skape gode rutinar for barna og dei som skal leie aktiviteten. Om ein legg til rette for dette kan ein gjere dansen til ein naturleg aktivitetsform, der barna får utforske kroppskontakt, rørsler og kreativitet.

Glad (2002) skriv at barna si utvikling av rombevisstheit er sentral når dei skal danse. Barna må kunne bevege seg fritt og "eige" det, utan å bli påverka av rommet. Som nemnd tidlegare er rommet eit av grunnelementa innanfor dans. Det er difor viktig at rommet er tilstrekkeleg for å kunne setje i gong ein danseaktivitet. Det kan vere lønsamt å fastsette reglar og strukturar som barna er kjent med, når det kjem til bruk av rommet. Dermed kan den som leier aktiviteten få merksemda til barna (Nygård, 2013). I forhold til dans skriv Frederiksen (2004) at ein kan danse i heile rommet eller delar av rommet. Nygård (2013) skriv at ein kan bruke rommet på ulike plan og retningar. Ein kan danse på staden, mellom kvarandre eller heilt ute ved veggane. Det er berre kroppen som set grenser for korleis ein kan danse i rommet (Frederiksen, 2004).

Ein viktig eigenskap blant personale, vil vere kreativitet. Eit kreativt personale, vil utfordre til skapande verksemd. For å få til dette, treng barna gode modellar for skapande utfordringar, og dei treng å få ei stadfesting frå personalet om at det er greitt å uttrykke seg på forskjellige måtar. Omgrepet kreativitet kan ikkje knytast direkte til ferdigheiter, men det handlar meir om å forholde seg til omgivnadane (Sæther & Hagen, 2013). I forskinga til Bringager & Clifford (1997) kom det fram i evaluering av eit delprosjekt at nokon sa seg uvillig til å praktisere dans. Grunnen til dette var at dei var redde for å "dumme seg ut" og dei ville heller ha inn profesjonelle. Sæther & Hagen (2013) skriv at det å tørre å vere skapande, er ikkje noko som er knytt til nokre menneske, men det er ei evne som finns hos alle. I barnehagen må difor personalet utvikle ein kultur som skapar trygghet for å vere kreativ. Om miljøet er trygt nok, vil dette spegle seg i barna sin trygghet. Ein må gi rom for leikande vaksne, for det vil gi barna ein større moglegheit for utforsking.

2.6 Kompetanse blant personale i barnehagane

Gotvassli (2004) skriv at kompetanse er eit samansett omgrep, som er vanskeleg å definere. Kompetansen blir sett på som ein ressurs, men kan vere vanskeleg å dele opp og kopiere. Med dette som grunnlag kjem han med denne definisjonen: "*Kompetanse brukes her om summen av kunnskaper, ferdigheter, holdninger og erfaringer som finnes hos den enkelte arbeidstaker og i virksomheten som helhet*" (Gotvassli, 2004, s. 74). Han legg til at kompetanse omhandlar kunnskapar, ferdigheiter, og at motivasjon og vilje til å løyse oppgåver er viktige faktorar (Gotvassli, 2013).

Nygren (2004) skriv at det finnast ulik gradering av kompetanse. Graderingane av kompetane han trekkjer fram, er den individuelle og felleskompetansen. Nygren skriv at om ein kan bruke personen sin individuelle kompetanse over fleire områder, blir dette definert som generell kompetanse. Motpolen til den generelle kompetanse er den spesifikke kompetansen, som går ut på å bruke kompetansen ein sit med på spesielle områder. Gotvassli (2013) skriv at kompetansen i ein barnehage vil variere sterkt. Grunnlaget kan vere at personalet eller arbeidsgruppa i barnehagen sit med ulik erfarings- og utdanningsbakgrunn. Medarbeidarkompetansen kan ein kartlegge via ulike typar sjekklister og samtalar, til dømes medarbeidersamtale.

3.0 Metode

Metoden kan bli sett på som eit reiskap eller ein framgangsmåte, der ein ønskjer å få svar på spørsmål eller søkjer ny kunnskap på eit område. Metoden omhandla korleis ein innhentar informasjon, organiserer og tolkar informasjonen (Larsen, 2007). Dalland skriv at metodeomgrepet ikkje berre stiller krav til brukarar av metoden, men at metoden også stiller krav til seg sjølv (Dalland, 2017). I følgje Larsen (2007) må ein nytte ein metode for å gjennomføre ei undersøking eller eit forskingsprosjekt.

3.1 Val av metode

I metodelitteraturen er det vanleg å skilje mellom to hovudmetodar, den kvalitative og den kvantitative metode. Metodane kan skiljast ut i frå korleis ein vel bruke metodane, samt korleis ein forhold seg til desse i forskinga (Løkken & Søbstad, 2006). Jacobsen skriv at val av undersøkjingsdesign må tilpassast problemstillinga. Han skriv at den kvalitative metoden er open og fleksibel. Den kvalitative metoden eignar seg godt til å finne ut ny kunnskap og få djupare forståing om eit område (Jacobsen, 2010).

For å belyse vår problemstilling "Korleis arbeidar barnehagane med dans?" på best mogeleg måte, har vi valt å bruke den kvalitative metoden. Jacobsen (2010) skriv at den kvalitative metoden, er ein metode som går meir i djupna og skapar ei forståing om område ein skal undersøkje. Med kvalitativ metode skriv Jacobsen (2010) og Dalland (2017) at formålet med denne metoden, er at vedkomande som deltek, avgir sine personlege beskrivingar, tolkingar, meiningar og forståingar. Ved bruk av kvalitativ metode, sikrar ein seg nærleik til dei som deltek ved at ein kan få meir presise svar på problemstillinga. I form av denne metoden, har vi valt å nytte intervju som metode. Ved intervju kan ein komme meir i djupna på det ein undersøker, og ein kan stille oppfølgingsspørsmål undervegs (Larsen, 2007).

Jacobsen (2010) skriv at det finns ulike måtar å gjennomføre eit intervju, individuelt eller gruppeintervju, også kalla fokusgruppeintervju. Intervjuet skal føregå som ein open samtale, utan

begrensingar eller ei form for styring, men det kan ha ulik grad av strukturering ved hjelp av å dele det inn i tema. Jacobsen skriv at ein bør utarbeide ein intervjuguide, for å få oversikt og sikre at intervjuet held seg til problemstillinga (Jacobsen, 2010). Med bakgrunn i teorien har vi utarbeida ein intervjuguide (vedlegg 3) som vi har nytta for å skaffe oss relevante data.

Dalland (2017) og Larsen (2007) skriv at kan ein nytte seg av lydopptak i intervjuet. Jacobsen (2010) ser fleire fordelar enn ulemper ved bruken av lydopptak. Det ein bør vere oppmerksom på er at enkelte kan reagere på at ein brukar lydopptak under intervjuet. Til dømes kan vedkomande bli skeptisk eller "stumme" i intervjuet. For anonymiteten til informantane, opplyste vi på førehand at vi kom til å nytte oss av lydopptak. Det var ingen innvendingar på dette, og det gav ikkje noko negativ effekt på intervjuet. Før gjennomføringa kom vi fram til at vi ville nytte oss av to einingar å ta opptak med, i tilfelle det skulle skje nokre tekniske problem. Etter gjennomføringa av intervjuet, ser vi nytta av å bruke lydopptak. Det er ein effektiv metode, i staden for å notere undervegs. Ein kan rette merksemda mot informantane og ha ein betre interaksjon med dei. Samtidig kan begge delta aktivt under intervjuet med spørsmålsstilling og supplerande spørsmål.

3.2 Val av informantar

Dalland (2017) skil mellom tre ulike former for informasjonskjelder, informant, respondent eller intervjuobjekt. Jacobsen skriv at ein må foreta eit utsnitt av verkelegheita. Undersøkarane må føreta ei presisering av problemstillinga og personar som skal delta i intervjuet, samt avtale tid og stad ein skal intervjuet (Jacobsen 2010). Jacobsen (2010) skriv så at den kvalitative undersøkinga ikkje omhandlar antalet ein undersøker. Det sentrale ved denne metoden er å hente god informasjon som kan belyse problemstillinga.

Vi ser at det å finne informantar med tilknytning til kunnskap innanfor dans og barnehagen kan vere vanskeleg. I denne studien har vi to kvinnelege barnehagelærarar som informantar. For å sikre anonymiteten til informantane har vi valt å gi dei fiktive namn, Siri og Katrine. Siri er 63 år og Katrine er 49 år, begge har barnehagelæruddanning og har jobba ca. 20-25 år i yrket. Begge har personlege erfaringar med dans heilt i frå barndommen. Barnehagane informantane jobbar i, er kommunale- og avdelingsbarnehagar. I pilotstudie hadde vi ein kvinneleg informant, med bakgrunn som dansepedagog og fagarbeidar i barnehagen.

3.3 Pilotstudie

Befring (2007) og Larsen (2007) skriv at pilotstudie er eit uformelt intervju tidleg i forskingsprosessen. Dette intervjuet har som mål å gi betre innsikt til utarbeida intervjuguide, samtidig kan ein få nye bidrag til vidare arbeid. Pilotstudie fann stad i oktober 2017 etter avtale med informant. I forkant av intervjuet fekk informanten stikkord knytt til temaet og problemstillinga. Dette gjorde vi bevisst for å få konkrete svar som ikkje var førebudde. Befring (2007) skriv at pilotstudie kan vere med på å medverke til at problemstillinga og temaet blir meir spesifisert.

I forhold til Befring (2007) og svara vi fekk i pilotstudie, fekk vi bekrefte at intervjuguiden var relevant i forhold til problemstillinga og temaet dans. Vi valde derfor å ikkje endre på intervjuguiden, men såg at vi måtte ha betre kontroll på spørsmåla for å vere meir fleksible i spørsmålsstillinga.

3.4 Gjennomføring av det kvalitative intervjuet

Dalland skriv at når ein skal intervju fagfolk, er det sjeldan ei utfordring at det er to som utfører intervjuet. Det viktige er at det blir avklart på førehand med intervjupersonen. Sidan vi er to studentar som skriv oppgåva saman, kan det vere lurt å tenke over kva rolle ein har og korleis intervjuet blir gjennomført. Vi følte at det var viktig at begge var tilstades under intervjuet, slik at vi fekk same informasjongrunnlag. Vi avklara rollene våre i forkant av intervjuet. Ein var observatør, medan den andre stilte spørsmål. Rollene bytta vi på undervegs, der det var naturleg. Dette skriv Dalland er viktig, slik at ein i etterkant av intervjuet kan sjå om det har hatt ein innverknad på resultatata (Dalland, 2017).

3.5 Validitet og relabilitet

Jacobsen (2010) og Larsen (2007) skriv at validitet omhandlar å samle inn data som er relevant for å få svar på problemstillinga. I vår oppgåve handlar validitet om å utarbeide ein god intervjuguide, for å prøve ut spørsmåla i pilotstudie. Dette er for å sikre at vi er innanfor problemstillinga og tema. Vi har nytta oss av lydopptak, for å garantere at vi fekk med oss all data, for å kunne transkribere og finne eit resultat. Larsen (2007) skriv at relabilitet seier noko om undersøkinga er nøyaktig og påliteleg. Det handlar om at data blir ivaretatt og behandla med nøyaktigheit. Jacobsen (2010) skriv om omgrepa intervjuareffekt og konteksteffekt. Ved at ein av oss har kjennskap til informantane, og at vi utførte intervjuet på arbeidsplassen deira, kan dette ha ført til ein intervjuareffekt og konteksteffekt. Dette kan òg påverke validiteten og relabiliteten, i forhold til svara dei har gitt oss.

Dalland (2017) skriv at eit intervju handlar om å bevare mest mogleg av informasjonen som blir gitt. Ein vanleg måte å omarbeide intervjuet på, er å skrive ned ord for ord. Arbeidet tek tid, men gir moglegheit

for å oppleve intervjuet på nytt. Transkriberinga frå intervjuet blir derfor eit viktig hjelpemiddel når resultatet skal tolkast (vedlegg 4).

3.6 Analyse og tolking av datainnsamling

For ikkje å bli påverka av kvarandre i forhold til validitet og relabilitet, skreiv vi ned hovudtrekk frå intervjuet kvar for oss. Transkriberinga av intervjuet skjedde fortløpande og systematisk. Dalland (2017) skriv at det er viktig å lese igjennom intervjuet for å merke seg ulike tema som er tatt opp. Før ein startar analysefasen, skriv han at ein bør sortere svarene ein har fått under aktuelle kategoriar. I vår analyse har vi lese nøye gjennom data vi har samla inn og kategorisert funna våre i bolkar. Larsen skriv at det er viktig å gi ei naturleg framstilling av data ein fått inn, samtidig unngå overtolking. I forhold til vår analyse har vi ikkje overtolka data, men gått systematisk gjennom dei for å få den så nøytral som mogeleg.

3.7 Ethiske omsyn

I forhold til informantane som vi har nytta oss av til datainnsamlinga, var det relevant for oss å vise at vi tok dei etiske omsyna på alvor. utfordringane kan vere alt frå at informantane deltek av fri vilje til informasjonsgiving. Larsen skriv at det viktigaste dilemmaet, er bruken og formidlinga av forskinga. Det som er viktig er å ikkje utlevere personlege data, men å anonymisere funna som vi nyttar oss av (Larsen, 2007). Vi hadde på førehand sendt ut samtykkeskjema (vedlegg 2) og fekk underskrift av informantane på at dei ville delta i intervjuet. Her gav dei samtykke til at vi kunne nytte lydopptak. I vedlegget blei dei opplyst om mogelegheit for å trekke seg frå intervjuet, samtidig at informasjonen dei gav oss blei anonymisert. Jacobsen (2010) underbyggjer dette ved at det er grunnleggande å få eit informert samtykke.

4.0 Presentasjon av empiri

I empirien vil vi presentere funna våre og trekkje fram kategoriar som vi har nytta oss av i analysen. Kategoriane vi har komme fram til er omgrepet dans, planlegging, utfordringar og framtidsutsikter. I denne samanheng vil presentere funna som er med på å svare på problemstillinga vår: «Korleis arbeidar barnehagane med dans?». Vidare vil vi skrive om dei empiriske funna i forhold til kategoriane. Vi legg ved vedlegg 4, som er ein tabell der vi viser til transkriberinga av intervjuet.

4.1 Omgrepet dans

Ut i frå spørsmålet om kva informantane Siri og Katrine legg i omgrepet dans, var begge einige om at dans omhandlar rørsle. Siri snakka om rørsle generelt, mens Katrine derimot snakka meir utdjupande. Ho

plukka fram rytme, musikk og glede i forhold til dans og rørsle. På slutten av intervjuet til Siri seier ho at det er viktig at barna får gode barndomsminner i barnehagen, gjennom å ha det moro med dans, song og musikk. Når informantane skulle svare på spørsmålet om impuls svara Siri at impulsen kan komme ved å sette på musikk. Dette seier også Katrine seg eining i. Vidare seier Katrine at dersom barna bevegar seg til musikk, viser den vaksne engasjement og bygger vidare på dette. Siri seier at barna startar å danse til musikk, men nokon gongar må dei vaksne starte først.

4.2 Planlegging av dans

Når informantane skulle gjere greie for planlegging og tilrettelegging av dans i barnehagen, var det forskjellige meiningar rundt dette spørsmålet. Siri svara at ho hadde mest erfaringar med at dans kom under omgrepet rørsleaktivitet. Vidare gav ho uttrykk for at denne aktiviteten var meir tilfeldig enn planlagt. Vidare nemnde ho at barnehagen praktiserte noko som dei kallar "leik og dans". Fokuset i denne aktiviteten var at dei sette på musikk, hørde på den og dansa til den ved enkle rørsler. Samtidig sa ho at dei nytta seg av "minirøris". Her poengterte ho at "minirørisen" kan vere eit vanskeleg program å vere med på for barna.

Katrine hadde andre innvendingar på spørsmålet om planlegging og tilrettelegging av dans i barnehagen. Tidleg i intervjuet gav ho uttrykk for at ein må planlegge korleis ein har dans med barn. Vidare tenkjer ho igjennom kva økta skal innehalde, men skriv det ikkje ned på papir. Vidare påpeika ho at ein må tilpasse dansen ut i frå modningsnivå og alder på barna. Ho seier at ein ikkje kan ta ein "ferdigprodusert" dans og forvente at det skal passe til barna. Dermed legg ho vekt på at det skal vere moro for dei og at ein må byggje vidare på musikken barna bevegar seg til.

I spørsmålet om dans er med i årsplanen, seier Katrine først at dei ikkje har med dans i årsplanen. Ved neste spørsmål om dans blir tatt med i månadsplanar eller vekeplanar, seier ho at i år hadde dei det med i forhold til "BlimE" dansen. Ho legg til at dette er den einaste gongen det har vore vist til i planane. Siri seier at barnehagen har fast innslag av rørsleaktivitet kvar veke, for å få opp pulsen.

Spørsmålet om spontanitet, seier Siri at dei føretrekk meir spontan dans enn ein planlagt aktivitet. Spontaniteten kan kome ved at dei set på ein CD, utfører nokre bevegelsar eller startar å synge. Ho tek også fram at det kan oppstå midt i frileiken og det er noko barna likar. Vidare seier ho at den spontane dansen kjem ikkje kvar dag, men ynskjer at det kunne vore meir innslag av det. Ved spørsmål om det alltid er den same som tek initiativ til det spontane, tek ho fram personalet. I tillegg legg ho til at personalet har ein god relasjon til kvarandre. "Ein kjenner kvarandre og er ikkje redde for å dumma oss

ut,” seier ho og poengterer at dette skapar ein trygghet. Katrine legg til at spontanitet kjem ved barna sitt initiativ. Kjem barna og spør om å få danse, legg ho til rette for det. I forhold til planlegging av dans i barnehagen, seier Katrine at ho opplever å få det tildelte ansvaret. Vidare seier ho at ho ser på dette som positivt, grunna at personale deler på andre oppgåver som dei meistrar og har interesse for.

4.3 Utfordringar

Begge informantane har uttrykt at det er utfordringar ved å gjennomføre økter med dans i barnehagen. Siri uttrykker at det kunne ha vore meir dans. Samtidig seier ho at barnehagen består stort sett av vaksne folk og ikkje så mange unge. Vidare seier ho at dersom ein hadde fått inn nyutdanna eller yngre medarbeidarar, kan dei bidra med ny inspirasjon og nye impulsar. Katrine seier at det er tungt å vere ”primusmotor” for dansen. Ho trekkjer fram at det å motivere personale og få dei engasjerte er ei stor utfordring. Vidare trekkjer ho fram ulike synspunkt på utfordringar. Ho trur at dei er ”usikre og redde for å dumme seg ut”, samtidig seier ho at det handlar om ”å frigjere seg og by på seg sjølv”. Siri legg også til under spørsmålet om andre utfordringar at tida strekk ikkje til.

4.4 Framtidsutsikter

I forhold til spørsmålet om korleis barnehagen kunne jobba meir med dans i framtida, svara Siri at ho kunne tenkt seg å fått inn nokon med erfaring. Vidare nemner ho også at det kunne ha vore ønskeleg med eit samarbeid med andre, for å få nye impulsar og bli inspirert. Ho trekkjer også fram at ein kunne ha nytta seg av kurs eller fått rettleiing på korleis ein kan legge til rette for dans. Katrine seier at dei tidlegare har hatt samarbeid med kulturskulen. ”Det var ein del av barna som likte dans, så då leigde vi inn dei for å instruere i dans”. Ho legg til at dei skulle ha nytta seg meir av dette, slik at dei kunne lære barna meir om dans. Både Siri og Katrine seier at dans kunne ha kome tydlegare fram i rammeplanen. Siri seier at dei allereie er pålagt så mykje frå før, men kan knyte dansen opp mot omgrepet rørsle. Katrine trekkjer fram at dans ikkje berre er kropp, rørsle og helse, men at det også kan stimulere språket ved å sette ord på det ein skal bevege.

5.0 Drøfting

I drøftingsdelen av oppgåva vår vil vi med hjelp av teori og empiriske funn drøfte problemstillinga vår: «Korleis arbeidar barnehagane med dans?». Dei empiriske funna vi har gjort oss er ikkje noko ”fasitsvar” i seg sjølv, men er eit utdrag frå to barnehagar, der vi har fått eit utsnitt av korleis dei opplever dans. Vi drøftar med utgangpunkt i kategoriane kva er dans i barnehagen, planlegging og utfordringar knytt til dans i barnehagen og dansen si framtid.

5.1 Kva er dans i barnehagen?

Då vi stilte spørsmål til Siri og Katrine om kva dei la i omgrepet "dans og bevegelse", var begge einige om at dans omhandlar rørsle. Katrine trekkjer fram musikk, rytme og bruk av kroppen som viktige element for omgrepet. Siri derimot trekkjer fram at dans skal vere prega av humor og skape gode barndomsminner, gjennom bruken av song og musikk. Begge seier at dans må settast i gang av ein impuls, og dei trekkjer fram musikk som eit døme på impuls. Siri trekkjer fram at dansen oftast er vaksenstyrd, kontra Katrine som er meir på nivå med barna og ser deira engasjement. Når vi stilte spørsmålet om det var mogleg å kople saman barna sin leik og dans, fekk vi ulike svar. Katrine såg barna sin leik i samanheng med å nytte seg av temaarbeid, mens Siri dreg fram økter frå garderoben der dei nyttar seg av ulike songleikar. Grunnlaget for at Siri og Katrine kanskje svarar det same om omgrepet "dans og bevegelse", kan vere fordi rørsle fell så naturleg for oss menneske. Vi forholdt oss til andre menneske og bevegar oss i takt med dei og omgivnadane. Vi har også ein indre rytme, i forhold til generelle kvardagslege mål.

Ut frå teorien, kan ein dra linjer til det informantane har gitt som svar. Hollekim og Vingdal (2000) legg vekt på at dans kjem frå kroppens rørslemoglegheiter og at ein ikkje treng musikk for å danse.

I definisjonen til Glad (2012) om danseleik, vert det også trekt fram kroppen sine rørsler. Dømer på danseleik, som den eine informanten kom med, kan vere "Boogie Boogie" og "Per sjuspring". Desse er leikprega aktivitetar, der ein lagar musikk ved bruk av stemme og rørsler med kroppen. Ut frå erfaringar ved desse songleikane, er ein avhengig av å herme, for å kunne lage den same musikken og rytmen. Både "Boogie Boggie" og "Per sjuspring" gir rom for humor, glede og samtidig det å utforske sin eigen kropp med herming og gjentakande rørsler. Ved lengre praktisering av danseleikar, kan det vere med å skape gode barndomsminner. Dette ser ein att i teorien til Nygård (2013), ved at ein utforskar rørslemoglegheitene gjennom herming og imitasjon.

Wiseth (2015) skriv at impuls er ein kreativ stimuli som set i gang idear, følelsar og assosiasjonar. Siri og Katrine tar utgangspunkt i musikken som ein impuls. Wiseth viser til andre døme på kva ein impuls kan vere, til dømes bøker, songar, bilete, historier og personlege erfaringar. Men kvifor kjem ikkje dette til syne hos informantane? Det vi tenkjer rundt dette, kan vere at informantane ikkje heilt har ei fullstendig forståing om kva som ligg i omgrepet impuls. Med dette som bakgrunn, tenkjer vi at ordet impuls kan vere eit "nymorderne" omgrep for eit eldre barnehagepersonale. For det er ikkje til å legge skjul på, at vi lever i eit samfunn som er i stadig endring. Vi får tilskot av nye fagomgrep, som vi må implementere i vår uttrykksmåte. Sett i forhold til at samfunnet er i endring, er også barnehagepersonalet i endring. Som ein av informantane sa, treng dei som har jobba i barnehagen i mange år, eit nytt pust av unge

medarbeidarar. Her vil dei unge medarbeidarane kome med nye impulsar til barnehagane. Dette kan ein spegle tilbake til barna som òg er avhengige av å få nye impulsar, til kreativ utfolding og utvikling av leik.

Andre funn vi gjorde i empirien, var at den eine informanten trekte fram at dans kan koplust til fleire områder, til dømes språkstimulering. Grunngevinga var at i songleikar set ein ord på rørslene. Dette kan knytast tilbake til herming og at dette er ein naturleg måte barna lærer på (Nygård, 2013, Hollekim og Vingdal, 2000). Eine informanten, Siri, sette "dans og bevegelse" inn i eit helse- og idrettsperspektiv. Ho påpeikte at dette kjem til uttrykk i barnehagen gjennom å ha aktivitet som aukar pulsen og hjarterytmen. Dette er vektlagt i Rammeplanen for barnehagen: innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017) under fagområdet "kropp, bevegelse, mat og helse". Her inkluderer ein barna slik at dei blir kjent med sin eigen kropp.

I forhold til det Andersen seier i artikkelen til NRK (2017) om aktivitetsnivået i barnehagane, kan dans vere med på å minske den stillesittande tida. Sjølv om funna viser at barna oppfyller krava til helsemyndighetene, kan dans vere ein inspirerende inngang til fysisk aktivitet, gjennom til dømes herming, songleikar og kreativ dans (Hollekim & Vingdal, 2000; Joyce, 1994). Med dette som utgangspunkt, tenkjer vi at dans kan sjåast i samheng med opplevingar gjennom leik og læring, med kroppen som utgangspunkt. Frå egne erfaringar med dans, kan ein arbeide med kroppen på ulike plan og i ulikt tempo. Ved å nytte seg av dansen sine grunnelement og at ein er engasjert som vaksen, kan føre til at ein klarer å engasjere fleire barn til å danse.

5.2 Planlegging og utfordringar knytt til dans i barnehagen

Når det kjem til planlegging og tilrettelegging av dans i barnehagen gav informantane utfyllande og konkrete svar. Det som var forskjellane var at den eine barnehagen tok det meir spontant, mens den andre hadde meir plan for arbeidet. Ved at dansen blir til ein spontan aktivitet, referer Siri til tidsperspektivet. På bakgrunn av tidsperspektivet, ser vi at det kan vere enklare å ta dansen som ein spontan aktivitet. Det krev lite planlegging og tilrettelegging. Vi ser nytta av å planlegge eller setje ramme for danseaktiviteten for å fremje dansen i barnehagane meir. Utfordringar ved å planlegge dansen, er som Standal (1994) skriv, at ein ikkje må øydelegge rommet for spontanitet og gleda av å ta noko på sparket. Han ser og nytten av å planlegge nokre rammer som fortel oss kva vi skal gjere, korleis og kvifor. Frå egne erfaringar knytt til det å planlegge aktivitetar i barnehagen, kjenner vi oss igjen i tidsperspektivet. Barnehagane har sine dagsrutinar, som er godt innarbeida. Dermed kan det vere vanskeleg å kome inn med noko nytt og finne plass til dette. Eit tiltak for å løyse denne tidsklemma, er som Nygård (2013) skriv, at for å sikre dansen sin plass i barnehagen kan ein setje av ei fast tid i veka

som ei "dansenstund". Dermed vil dans bli ein naturleg aktivitet som barna vil få kjennskap til. I desse dansenstundene, kan ein kople dansen opp mot temaarbeid og andre fagområder i rammeplanen.

Kan denne "dansenstunda" kople til minirøris? Begge informantane nemner bruken av "minirøris", som er eit rørsleprogram for barn i barnehagealder. Dette er eit verktøy som kan nyttast for å aktivisere og trigge til barn si rørsleglede (Friskis & Svettis, s.a.). Ved at barnehagane brukar minirøris, gav Siri uttrykk at minirørisen kunne by på utfordringar. Utfordringane kunne vere høgt tempo, som førte til at barna gjekk til og frå. Ved erfaringar av minirøris, ser vi at tempoet kan vere utfordrande. Ein tanke for eventuelt å løyse dette, kan vere å tilpasse programmet til ulike aldersgrupper eller nivå. Ved å justere tempoet, kan det føre til at barna går mindre til og frå aktiviteten. Ved å halde på det høge tempoet, kan det føre til at programmet vert "lagt på hylla". Sett vekk i frå at ein møter på utfordringar, gjev informantane uttrykk for at dette er ein morosam aktivitet som kan bli nytta i ei dansenstund.

Begge informantane er opptatt av at rommet er ein viktig faktor for dansen. Dei vektlegg at rommet som dei nyttar må ha god plass, samtidig som det må vere minst mogleg distraksjonar. Dette vert støtta av Nygren (2013) som skriv at det er viktig at rommet er tilstrekkeleg stort for å kunne setje i gang ein danseaktivitet. Romma i barnehagen har ulike bruksområder, kan ein då praktisere dans i alle rom? Ut i frå våre funn kan ein sjå betydinga av at eit rom kan ha fleire utgangspunkt. Ein kan sjå dette opp i mot at personale må tenkje kreativt i forhold til korleis ein vel å nytte seg av rommet. Som Sæther & Hagen (2013) skriv, må ein sjå bruken av rommet ut i frå omgivingane i barnehagane. Omgivingane kan sjåast i samanheng med planlegging og tilrettelegging, ved at ein tenkjer at dette kan vere størrelsen på barnegruppa, antal vaksne og kva rom som er disponible. Ein bør ha ein openheit for å tenke kreativt i forhold til bruken av rom (Sæther & Hagen, 2013). I forhold til dans og rombruken ser vi det igjen i dansen sine grunnelement og i det Frederiksen (2004) skriv, at det berre er kroppen som set grenser for kva ein kan utøve i rommet. "Boogie Boogie" og "Per sjuspring" som Siri trekkjer fram, er songleikar der ein nyttar kroppen på ulike nivå. Ein kan sjå at desse songleikane er uavhengig av storleiken på rommet.

Kompetanse handlar i følgje Gotvassli (2004) om kunnskapar og ferdigheiter som individet sit med. Begge informantane løfta fram mangelen på kompetanse som ei utfordring. Siri trekkjer fram at kollegiet er "amatørar" på området, medan Katrine føler at ho står "åleine" med sin kompetanse innanfor dans.

Men bakgrunn for det informantane gir uttrykk for, tolkar vi dette som om at det er mangel på kompetanse om dans i barnehagane. Det at Siri og kollegiet føler seg som "amatørar", vil ikkje seie at dei manglar den generelle kompetansen. Men i staden etterlyser dei meir den spesifikke kompetansen, som Nygren (2004) skriv om. Den generelle kompetansen har dei tileigna seg ved personelege erfaringar

og opplevingar med dans. I forhold til Katrine, står ho meir "aleine" som ein "primusmotor". Utfordringar ved å stå aleine blir å motivere personalet og få dei engasjerte. Ho prøver å løyse utfordringa ved å belyse at ein må frigjere seg sjølv og ikkje ta seg sjølv så høgtidleg. Samtidig legg ikkje ho skjul på at dans er noko ho likar å arbeide med.

Slik vi ser og tolkar empirien rundt kompetansen til Siri og Katrine, ser vi at dei etterlyser ein kompetanse som den andre sit med. Siri ønskjer meir spesifikk kompetanse på området dans, mens Katrine ønskjer meir trygghet rundt det å praktisere dans med kollegiet. Her ser vi teikn til den generelle og spesifikke kompetansen, som Nygren (2004) skriv om. Men kva inneber det å ha ein god relasjon til personalet? Ut i frå empirien og egne erfaringar, tenkjer vi at god relasjon handlar om å føle seg trygg blant dei ein arbeidar saman med. Ved at ein har god relasjon til kollegiet, kan dette spegle seg igjen i ein trygghet der ein ikkje er redd for å dumme seg ut. Dette understrekar Siri med å seie at gode relasjonar kan hjelpe til med å byggje eit godt arbeidsmiljø. Relasjonar ser ein også igjen i dansen sine grunnelement, der det handlar om korleis ein bevegar seg i forhold til andre eller saman med andre. Som både informantane og vi synes, er dans gøy og det skapar glede. Så kanskje ein kunne brukt dansen som eit verkemiddel for relasjonsbygging blant personale, samtidig som ein hentar inn kompetanse om dans. Vidare ser vi at dette kan vere med på å utvikle den kreative dansen. Når personalet føler seg trygge, kan ein gå meir inn i den kreative dansen saman med barna og utforske og bruke kreativiteten.

Vidare handlar det om motivasjon og vilje til å ta i bruk kompetansen, noko som Gotvassli (2013) understrekar er viktige faktorar. Nygård (2014) skriv at dansen "forsvinn" i barnehagane. Dette kan sjåast i samanheng med at informantane gir uttrykk for mangel på kompetanse innanfor dans. Ein anna vinkling på at dansen forsvinn i barnehagane, er at den ikkje kjem til syne i dei ulike planane. Dette støttar Nygård (2013) opp ved å skrive at ein bør legge til rette for ei fast danseøkt i veka. Ut i frå dette ser vi at det kan vere ein samanheng mellom desse faktorane. Med dette meiner vi at om ein synleggjer dansen meir i planarbeidet, kan ein bli meir bevisst på at ein skal praktisere det i barnehagane. Her kan ein finne ut og kartlegge kva ein har og kva ein manglar av kompetanse på område.

Ved at ein arbeidar med dans og utvikling av kompetansen, ser vi ut i frå funna våre at dans er noko som fell i smak hos barna. Siri trekte fram eit døme frå ei danseøkt. Ho beskriv at barna var fokuserte, og trekte fram at det var stor stemning og glede. Samtidig trekkjer ho fram at det er viktig å vere engasjert sjølv og engasjere dei som deltek. Joyce (1994) og Frederiksen (2004) skriv at det er viktig at ein er oppteken av det som skjer der og då og gir rom for utforsking. Dette betyr at det er viktig å ha ein form for kompetanse som vaksen i barnehagen, samtidig som vi ikkje skal gløyme spontaniteten.

5.3 Dansen si framtid i barnehagen

Både Siri og Katrine seier at dei ønskjer å hente inn eksterne ressursar til inspirasjon. Katrine seier at dei har hatt eit tidlegare samarbeid med kulturskulen, men skulle ønskje at dei nytta seg meir av dette tilbodet. Liset m.fl (2011) skriv at ein må kunne gi frå seg "kontrollen" for å gå inn i ein skapande prosess. Ved at barnehagane gir uttrykk for å hente inn eksterne resursar, må dei tørre å gi slepp på "kontrollen". Dette speglar tilbake til Melaas (2012), der han skriv at barnehagane må tørre å tenke annleis og framover. Ved å nytte seg av eksterne resursar, noko som informantane gir uttrykk for, støttar Wiseth (2015) dette opp mot å oppsøke ulike inspirasjonskjelder. Med bakgrunn i dette tenkjer vi at for at barnehagen skal kunne sjå framover, må dei finne ut og planlegge korleis dei ønsker at dans skal kome til syne. Ein må kartleggje kva kompetanse ein allereie har i barnehagane, samtidig skape eit kreativt arbeidsmiljø. Når ein hentar inn eksterne ressursar, bør ein ha eit mål med dette. Katrine trekkjer fram at ho ønskjer at nokon kunne ha kome og instruert barna i dans, grunna stor interesse blant nokre barn.

Siri og Katrine meiner at dans kunne ha blitt tydlegare framheva i rammeplanen. I Rammeplanen for barnehagen: innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017) er omgrepet dans nemnt som eit overordna omgrep i to fagområder. Ut frå det informantane seier, ønskjer dei ei meir spesifisering av omgrepet. Om ein får inn eit konkret mål i rammeplanen, kan ein ikkje garantere for at dette blir arbeida med, om ikkje kompetansen strekk til. Greve (2017) skriv at det er opp til barnehagane å tolke rammeplanen ut i frå barnehagen sin ståstad.

Som vi skreiv under del 5.1 "Kva er dans i barnehagen?", ser vi at barnehagepersonalet søker nyutdanna barnehagelærarar. Dette er i forhold til å få inspirasjon til nye aktivitetar i barnehagane. Men sett ut i frå vår utdanning, vert ikkje dansen så mykje prioritert. Det vi har erfart med dans gjennom utdanninga, er songleikar og den kreative dansen. Dansen kjem i små mengder, gjennom arbeid med fagområdet som rammeplanen for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2011) "Natur, helse og rørsle" og "kunst, kultur og kreativitet". Det vi kan sjå er at dansen vert prega av våre personlege erfaringar og gleda vi har av å få danse. Ved fullført barnehagelærerutdanning, er det ikkje sikkert at ein har kompetanse om dans generelt.

6.0 Resultat

Innleiingsvis stilte vi oss eit spørsmål om temaet dans. Kva er eigentleg dans i barnehagen? Vi synsa rundt omgrepet, at det kan vere alt frå å bevege kroppen til musikk eller ulike songleikar.

Våre empiriske funn i del 4.0 viser at dans i barnehagen kan vere både spontan og planlagt.

Informantane er einige om at dans, kan knytast til omgrepet rørsle. Dei seier at ein kan arbeide med rørsle på ulike måtar og begge trekkjer fram minirøris som ein planlagt aktivitet. Barnehagane arbeidar også med dans på andre måtar, ved at dei nyttar andre aktivitetar og koplars dansen opp mot desse. Til dømes temaarbeid og innførte tiltak som aktiviteten "leik og dans". For å få meir dans inn i barnehagen ser vi gjennom funna våre, at ein må gi rom og tid for leikprega rørsleaktivitetar. Rammeplanen for barnehagen: innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017) skriv at aktiviteten med barna må sjåast saman med opplevingar, leik og læring. Samtidig bør aktiviteten vere prega av glede. Standal (1994) og Frederiksen (2004) skriv at barns spontanitet og glede bør koplast til leiken. Ut frå både teorien og dei empiriske funna, har vi sett at leik kan vere ein byggjestein for å praktisere dansen. Dette seier også informantane seg einige i ved å påpeike at barna må få gode barndomsminner og glede i barnehagekvardagen.

Ut i frå våre empiriske funn ser vi at teorien og det informantane seier i forhold til planlegging, stemmer nokså overeins. Standal (1994) skriv at det må vere rom for spontanitet, der ein tek vare på gleda over å gjere noko på sparket. Det er viktig å setje av tid til dans og synleggjere den. Det kjem til uttrykk i dei empiriske funna, at det kan vere utfordringar ved planlegging av dansen. Det kjem også fram eit ønskje om at dansen bør kome meir til syne i barnehagane, både fysisk og i planarbeidet.

Gjennom drøfting av teori og empiri i del 5.0, har vi fått ulike svar som kan besvare vår problemstilling: "Korleis arbeidar barnehagane med dans?". Gjennom drøftinga ser vi at dans i barnehagen kan både vere spontan og planlagt. Det vi ser er at relasjonar blant personale kan ha ein påverknad på arbeidet med dans. Det vi tenkjer her, er at personale må bli trygge på seg sjølv og kompetansen sin før ein praktiserer og deler den. Å stå aleine om å praktisere dansen, er ein stor jobb i seg sjølv og kan i lengda verte slitsamt. Ved å arbeide med relasjon blant personale, kan ein skape tillit og tryggheit til det å tørre å tenkje annleis. Ved å oppnå ein god relasjon innad i personalgruppa, kan dette føre til meir samarbeid og spontanitet til å praktisere dansen. Å tørre å tenkje annleis og gi frå seg "kontrollen", kan vere ein døroppnar for å ta i bruk den kreative dansen meir. Som Joyce (1994) skriv, er det verken noko som er rett eller gale i forhold til denne type dans. Det er berre ein sjølv som kan stoppe oss frå å delta. Dette speglar tilbake til tryggheita og relasjonen ein har.

Dansen si framtid i barnehagen vil krevje kunnskap og synleggjering av dansen i barnehagane. Det kjem til uttrykk i drøftinga at det er ønskje om samarbeid med lokale tiltak, for å få inspirasjon og lærdom til praktisering av dans i barnehagane. At dansen bør kome betre fram i rammeplanen, kjem fram i drøftinga av empirien. Å få inn eit mål i rammeplanen om dans, hadde kanskje vore til hjelp for å fremje dansen. Barnehagane er kanskje pålagt mykje arbeid frå før, men ein bør difor finne ein balanse mellom dans, omgrepet rørsle og planlegging. Ut i frå praktiske døme, ser vi at ein bør ha rammer rundt danseaktiviteten, samtidig som det skal vera openheit for spontanitet.

For å svare på problemstillinga "Korleis arbeidar barnehagane med dans?", er dansen prega av spontanitet og av barna. Ved at dans ikkje er eit konkret mål i rammeplanen for barnehagen: innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017) ser vi at den blir meir "gløymt". Difor blir dette eit innslag av uplanlagde økter som fører til improvisasjon og spontanitet. Ved at dette oppstår, har ikkje dansestunda eit mål, men er meir prega av humor og glede. I framtida kan ein kanskje tenkje seg til at ein kan kople dans opp mot dei andre fagområda i rammeplanen, og knyte dansen opp til ulike tema. Ser ein i forhold til artikkelen til Hirsti (2017) og det Nygård (2013) skriv om passivitet, kan dans implementerast meir i barnehagane og vere med på å fremje fysisk aktivitet og lausriving frå det teknologiske.

7.0 Avslutning

I denne oppgåva har vi tileigna oss ny kunnskap og fått ei betre forståing på korleis dans blir arbeida med og praktisert i barnehagane. I startfasen hadde vi gjort oss nokon tankar omkring temaet og vi hadde lyst til å belyse dette, for å få fram dansen i barnehagane. Ved å ta med oss funna våre og kunnskapen vi har tileigna oss gjennom arbeidet med oppgåva, kan vi vere med på å fremje dans som spontan og planlagt aktivitet i barnehagen. I forhold til det rammeplanen for barnehagen: innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017) skriv og teori som vi har lese oss opp på, ser vi andre moglegheiter til korleis ein kan planlegge og praktisere dans i barnehagane. Barna oppheld seg store delar av dagen sin i barnehagen. Barnehagen blir så ein arena, der barna skal få gode barndomsminner, samtidig finne ut kven dei er. Sett i forhold til teorien, kan dans hjelpe barna til å utforske sin eigen kropp og relasjonar til andre. Om dansen oppstår spontant eller planlagt, til dømes gjennom minirøris eller songleikar, kan dans vere ein nyttig aktivitet som skapar glede både hos barn og vaksne. Vi ser her at dans kan bestå av songleikar, som til dømes "Boogie Boogie" og "Per sjuspring" som gir rom for rørsle og glede.

Funna vi set att med etter drøfting av empiri og teori, er at dansen i dag er prega av spontanitet og lite planlegging. Dette er ikkje eit negativt resultat, men vi ser at dansen kan kome tydlegare til syne i barnehagane om ein presiserer det i planarbeidet. Eventuelt om det blir eit meir presist mål i rammeplanen. Som ferdig utdanna barnehagelærarar, kjem ikkje alle ut med kunnskap innanfor dans. Det vi tek med oss ut i praksis, er prega av personlege erfaringar og kva ein har interesse for.

Litteraturliste

- Bakke, K. (2011). Kunsten å skape i flate og rom. I Sæbø, A. B., Jenssen, C. *Kunst, kultur og kreativitet: Kunstfaglig arbeid i barnehagen* (s.127-156). Bergen: Fagbokforlaget.
- Befring, E. (2007). *Forskingsmetode med etikk og statistikk (2. Utg.)*. Oslo: Samlaget.
- Birkeland, I. (2012). Rom, sted og kjønn: begrepsavklaringer og bruksanvisninger. I: Moser, T (Red.), *Rom for barnehage flerfaglige perspektiver på barnehagens fysiske miljø*. (s.47-63). Bergen Fagbokforlaget.
- Bringager, F. & Clifford, H. H. (1997). *Barn og unges dans* (Rapportnr. 49). Trondheim: Norsk senter for barneforskning.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving (6. Utg.)*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Digerfeldt, G. (1990). *Utvecklingspsykologiska och estetiska aspekter på danslek*. Malmö: Almquist og Wiksell.
- Frederiksen, S. (2004). *Dans dur: Kreativ dans for de 6 til 9-årige i skolen*. Gråsten & Drama.
- Friskis & Svettis Norge (s.a.). Røris og Mini-Røris. Henta 17. Desember 2017 frå <http://www.friskissvettis.no/roris-og-mini-roris>
- Glad, Å. L. (2002). *Dans på timeplanen: Fagdidaktisk grunnbok*. Oslo: Tell forlag.
- Glad, Å. L. (2012). *Dans på timeplanen: Fagdidaktisk grunnbok (2. Utg.)*. Vollen: Tell forlag.
- Gotvassli, K. Å. (2004). *Et kompetent barnehagepersonale: Om personal- og kompetanseutvikling barnehagen*. (2.utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Gotvassli, K. Å. (2013). *Boka om ledelse i barnehagen*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Greve, A. (2017, 15.mai). Ny rammeplan – tid for lek eller tid for læring? [Blogg post]. Henta frå <https://blogg.hioa.no/godebarnehageliv/2017/05/15/rammeplan-lek-laering/>

- Hirsti, K. (2017). Ny rapport: - En av fire barn sitter "stille" i barnehagen. Henta fra <https://www.nrk.no/norge/ny-rapport - -en-av-fire-barn-sitter- stille -i-barnehagen-1.13732232>
- Hollekim, I. & Vingdal, I. (2000). *Mestring og glede: Fra grunnleggende bevegelser til idrett og dans*. Oslo: Gyldendal undervisning.
- Jacobsen, D. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring: Innføring i metode for helse- og sosialfagene (2. utg.)*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Joyce, M. (1994). *First steps in teaching creative dance to children (3rd. ed.)*. London: Mayfield Publishing Company.
- Kunnskapsdepartementet (2011). *Rammeplanen for barnehagen for innhold i og oppgåvene til barnehagen*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.
- Larsen, A. (2007). *En enklere metode: Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Liset, M. S., Myrstad, A. & Sverdrup, T. (2011). *Møter i bevegelse : å improvisere med de yngste barna*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2006). *Observasjon og intervju i barnehagen (3. utg.)*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Melaas, T. (2012). *Improvisasjonsblikk i barnehagen: Støtte til lekende samspill*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Nygren, P. (2004). *Handlingskompetanse: Om profesjonelle personer*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Nygård, S., I. (2013). Bevegelseslek med musikk og rytme. I Sandseter, E. B. H., Hagen, T. L., & Moser, T. *Barnas barnehage: 3: Kroppslighet i barnehagen: Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse (2. utg.)*(s.413-430). Oslo: Gyldendal akademisk.

Rustad, H. (2010). Improvisasjonsdans – kreativ nyskapning eller gjenbruk. I Steinsholt, K. & Gurholt, K. P. *Aktive liv: Idrettspedagogiske perspektiver på kropp, bevegelse og dannelse (s.121-142)*. Trondheim: Tapir akademisk.

Sæther, M., Hagen, T. L. (2013). Kreativ utfoldelse ute, gjennom bevegelse og drama. I Sandseter, E. B. H., Hagen, T. L., & Moser, T. *Barnas barnehage: 3: Kroppslighet i barnehagen: Pedagogisk arbeid med kropp, bevegelse og helse (2. utg.)*(s.431-444). Oslo: Gyldendal akademisk.

Standal, K.A. (1994). *Bevegelseslek, musikk og drama - i barnehage og skolefritidsordninger*. Oslo: Universitetsforlaget.

Wiseth, H. (2015). Kunstneriske prosesser i arbeid for og med barn. I Hammer, A., Strømsøe, G. *Drama og skapende prosesser i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.

Vedlegg

Vedlegg 1: Infoskriv



Førespurnad om å delta i eit intervju om det å tilrettelegge dans i barnehagen

Vi er to høgskulestudentar som studerer ved Høgskulen på Vestlandet avdeling Sogndal som skriv bacheloroppgåve som omhandlar tematikken dans. Ut frå temaet dans har vi kome fram til denne problemstillinga.

Hovudproblemstillinga lyder:

- Korleis arbeidar barnehagane med dans?

Ut i frå denne har vi laga ei underproblemstilling:

- Er det tilfeldig med dans i barnehagen?

I forhold til oppgåva har vi behov for å hente inn informasjon om temaet. Informasjonsinnsamlinga vil bestå av ein kvalitativ metode, altså vi vil nytte oss av eit intervju. Intervjuet som vi vil gjennomføre vil bestå av 24 spørsmål. Spørsmåla som vi stiller i dette intervjuet vil bli vinkla inn mot personalet om korleis dei oppfattar omgrepet dans, korleis dei tilrettelegg for det og korleis dei brukar det i barnehagen. Nokre stikkord du kan tenke over er: Dans, musikk, impuls og rom.

Med oppgåva vår ynskjer vi å hente inn data/informasjon om kva personalet tenkjer om temaet dans og om dette er noko dei tilrettelegg og praktiserer i barnehagen.

Formål:

Formålet med denne oppgåva er å få ein innblikk i tematikken dans i barnehagen og om dette temaet blir praktisert, eventuelt grunnlaget for at det ikkje blir praktisert. Temaet er ikkje belyst så mykje i litteraturen frå før av, så det vi håper å få ut frå denne oppgåve er korleis ein kan bruke dans meir i barnehagen.



Samtykkeerklæring

Eg har lest og forstått informasjonsskrivet og arbeidet med bacheloroppgåva, og gir mitt samtykke til å delta anonymt i dette intervjuet og undersøkinga.

Eg er også kjent med korleis opplysningane blir behandla både under og etter intervjuet. Samt at eg kan trekke meg frå intervjuet før, under og etter intervjuet er gjennomført.

Namn: _____

Dato/stad: _____

Signatur

Vedlegg 3: Intervjuguide



Bakgrunn:

- Kjønn:
- Alder:
- Kva slags utdanning har du og kor lenge har du arbeida i barnehage?

Dans

- Kva legg du i omgrepet dans og bevegelse?
- Dans kan ofte bli sett i gang av ein impuls kva tenkjer du om dette omgrepet?
- Kan dans og bevegelse koplast til barnas leik?
 - Kvifor/kvifor ikkje
- Korleis kan dans koplast til barns leik?
- Kva slags forhold har du til dans frå før av?
 - Personlege erfaringar/opplevingar
 - Kunne du tenke deg å arbeide med det meir i barnehagen?

Arbeid i barnehagen

- Har de dans med i årsplanen?
 - Kvifor/kvifor ikkje
- Kor ofte legg de til rette for dans?
 - Kor lenge dansar de?
(Prøve å få fram om dans er planlagt systematisk eller usystematisk)
- Kva er dans i barnehagen hjå dykk?

- Kva gjer de av aktivitetar?
- Nyttar de ferdigproduserte "pakker" i form av dans eller bevegelse?
 - I kva stor grad vert det nytta?
 - Korleis arbeide dykk med dette?
 - Kvar finn de materiale/"pakkane"?
- Korleis arbeidar personalet med tilrettelegging av dans i barnehagen?
- Kven planlegg og gjennomfører opplegget?
 - Kven er pådrivar?
 - Er det nokon i personale som har interesse for dans?
- Kva er viktig å tenkje på i forhold til planlegging av opplegget?
 - (Pedagogisk, didaktiske relasjonsmodellen)
- Er foreldre engasjert i dans?
 - Ynskjer dei dans i barnehagen?
 - Kva gjer barnehagen for å vidareformidle kunnskap om dans i barnehagen til foreldra? (interessesemøte)
- Har du opplevd/observert at barna tar eige initiativ til dans eller er dansen vaksenstyrt?
 - Kvifor vaksenstyrd kontra barns "friheit"?
- Har musikkvalet noko å seie for barnas dans?
 - Kvifor/Kvifor ikkje
- Kven skal velje musikk, barna eller vaksne?
 - Er all musikk brukbart å danse til?
- Om de legg opp til dans i barnehagen, i kva rom vert aktiviteten lagt?
 - Kan det oppstå romlege forstyringar?
 - Korleis er kapasiteten?

- Kan du gi eksempel på korleis ein kan bruke dans og bevegelse i barnehagen?
- Korleis kan barnehagen arbeide meir med dans (og bevegelse) i framtida?

Skulen

I forhold til kompetanseplanen i skulen, står det nemnd både etter 4. årssteget og 7. årstrinnet at eleven skal kunne vere med i enkle dansar frå ulike kulturar eller komponere ein eigen dans. I Rammeplanen (2017) vert dans nemnd i innleiinga til fagområdet kunst, kultur og kreativitet, men vert ikkje nemnd som eit konkret mål.

- Kva tenkjer du om dette?
 - Burde dansen få sitt eige mål i Rammeplanen?
 - Kva tenkjer om at dans i barnehagen kan vere førebuande til dans i skulen?
- Er det noko du ynskjer eller ikkje ha fått sagt i intervjuet som du vil legge til?

Vedlegg 4: Transkribering av intervju

Lengde på intervju	Tid på transkribering	Antal sider	Antal ord
26.33	Ca. 5 timar	7	3992
35.46	Ca. 10 timar	8	4518
1t 2min 19 sek	Ca. 15 timar	15	8510

Vedlegg 5: Fylgjeskriv

Forord - Aleksander & Kristine

Samandrag – Aleksander & Kristine

1.0 Innleiing – Aleksander

1.1 Oppgåvas oppbygging – Kristine

1.2 Omgrepsavklaring og avgrensingar – Aleksander & Kristine

1.3 Problemstilling – Aleksander & Kristine

2.0 Teoridel

2.1 Kva er dans? – Kristine

2.2 Kreativ dans – Kristine

2.3 Improvisasjon og impuls – Kristine

2.4 Dans med barn – Kristine

2.5 Planlegging og tilrettelegging – Aleksander & Kristine

2.6 Kompetanse – Aleksander

2.7 Kompetanse blant personale i barnehagen – Aleksander

3.0 Tidlegare litteratur og forskning – Aleksander

4.0 Metode – Aleksander

4.1 Val av metode – Aleksander & Kristine

4.2 Val av informantar – Aleksander & Kristine

4.3 Pilotstudie – Aleksander

4.4 Gjennomføring av det kvalitative intervjuet – Kristine

4.5 Validitet, reliabilitet og kjeldekritikk – Kristine

4.6 Analyse og tolking av datainnsamling – Kristine

4.7 Etske omsyn – Aleksander

5.0 Presentasjon av empiri – Aleksander

5.1 Omgrepet dans – Kristine

5.2 Planlegging og planlegging av dans – Aleksander & Kristine

5.3 Utfordringar – Aleksander

5.4 Framtidsutsikter – Kristine

6.0 Drøfting – Aleksander

6.1 Kva er dans i barnehagen? – Aleksander & Kristine

6.2 Planlegging og utfordringar knytt til dans i barnehagen – Aleksander & Kristine

6.3 Dansens framtid i barnehagen – Aleksander & Kristine

7.0 Resultat/Avslutning – Aleksander & Kristine

Litteraturliste – Aleksander & Kristine

Vedlegg

Vedlegg 1: Infoskriv – Aleksander & Kristine

Vedlegg 2: Samtykkeskjema – Aleksander & Kristine

Vedlegg 3: Intervjuguide – Aleksander & Kristine

Kommentar:

Sjølv om vi har delt overskriftene mellom oss, har vi vore innom kvarandre sine delar, lese gjennom dei og kome med ulike innspel på kva som kan vere med. I det store og heile, har vi samarbeida og vore samde om det som vert skrive under dei ulike overskriftene.